

**Årsmelding
for
Vikedal Kyrkje**

2015

Årsmelding for Vikedal Kyrkje 2015

Vikedal Sokneråd har vore samansett slik fram til 1. nov.

- Herdis Pedersen leiar
- Bjørg Ågådt Djuvik nestleiar
- Andreas Rosså medlem av fellesrådet
- Inger Olaus Sandvik kasserar
- Geir Torkel Roalkvam sekretær
- Lillian Eikeland leiar i trusoplæringsutvalet
- Bjørg Gunn Opsal 1. varamann (sekretær etter behov)
- Signy Tveit Fosen 2. varamann

Frå 1.november er soknerådet samansett slik:

- Andreas Andreassen leiar
- Anny F. Øverland nestleiar
- Johannes Holten Leifsen medlem av fellesrådet
- Gerd Ellinor Eikje kasserar
- Guri Gjerde sekretær
- Hilden Fosen repr. til trusoplæringsutvalet

Vara:

- Monica R. Holten Leifsen
- Kristina S. Andreassen
- Berit Skeie
- Anne Marie Blikra
- Tine Årvik

Sokneprest Harald Eintveit møter fast.

Soknerådet har vore samla til 8 møter og handsama 44 saker.

Trusopplæring:

- Skattejakt / dåpsskule ---godt oppmøte.
- 4-års fase, Mi kyrkjebok – samling på lørdagen i kyrkja , og utdeling av 4-årsboka ved gudstenesten på søndag 22. nov. Også her godt oppmøte av born.
- Lys vaken,---første helga i advent Dette er i samarbeid med Sandeid.I år var mange born samla i Vikedal Kyrkje.
- Påske- og julevandring i Vikedal Kyrkje. Barnehagen i Vikedal deltek.
- Onsdagsklubben, frå 4 år til 4.klasse, møter i okt, nov, des med svært godt oppmøte.

Trusopplærer Lillian Eikeland har hatt ansvar for desse samlingane.

- Babysong: Kateket Brit Karstensen har ansvar. Samlingane er i Ølen og alle foreldre får invitasjon til å delta.

Lokalt utval for trusopplæring i 2015: Lillian Eikeland og Beathe Tandrevold Krokedal.

Diakoniutvalet:

- Diakoniutvalet har ansvar for samlingane i fellesstova ved eldreboligane, vår / haust.
- Blomehelsing til 90-åringane i Vikedal.
- Diakoniutvalet, har, i samarbeid med Imsland og Sandeid, hatt ansvar for ei av konfirmantgruppene.

Fasteaksjonen 2015:

- Som vanleg var det til Kirkens Nødhjelp. Konfirmantane er bøssebærarar og foreldra hjalp til med kjøring. Det kom inn kr 12.669.

Konfirmantarbeidet:

- Konfirmantane (Sandeid, Imsland og Vikedal) har vore delt inn i 5 grupper, friluft-, diakoni-, formings- og fotogruppe. Ny gruppe i haust: KRIK.
- Det var konfirmantleir på Eintveit i Åkrafjorden 20-22 mars. Soknerådet vil takke Norunn og Harald Eintveit og alle medhjelparar for ei minnerik helg for konfirmantane.
- Konfirmasjon var 10.mai. 6.mai var det overhøyringsgudsteneste og fest for konfirmantar m/ familie på Vikedal Bygdehus. Det er tradisjon at fjorårets konfirmantar m / foreldre har ansvar for kjøkken og servering.

Gullkonfirmantane 2015:

- Gudstenesten var i Vikedal Kyrkje. Etterpå var det fest for gullkonfirmantane m/ ektefeller på Vikedal Bygdehus.
- Vikedal Sokneråd var vertskap dette året.
- 16 gullkonfirmantar frå Vikedal fekk skriftleg invitasjon, 9 takka ja til å vera med den dagen.

Rootsfestivalen:

- Det var to konsertar i kyrkja, 17. og 18.juli. Dette er eit samarbeid mellom Rootsen og Vikedal Sokneråd.
- Rootsgudstenesten ved muséet 19. juli er eit samarbeid mellom soknerådet og styret for muséet. Etter gudstenesta var det kunst-/ salgsutstilling. Gisle Harr stilte ut akvareller og Bjørnar Nesheim teikningar. Kyrkjekaffi.

Hausttakkegudsteneste / misjonssøndag.

- Konfirmantane deltok. Utsending frå Det Norske Misjonsselskap) Offer til Landsbyprosjektet på Madagaskar som me støtter.

Ungdomsklubben:

- Klubben for 5-7 kl. og ungdomsklubben frå 8. kl. samlar born og ungdom frå Imsland, Sandeid og Vikedal. Ei stor takk til Tone som har hovedansvaret og dei andre frivillige som hjelper til på klubbkveldane.

Kulturkveld .

- 9 okt. arrangerte Vikedal Sokneråd kulturkveld på Vikedal Bygdahus. Tidlegare journalist i Haugesunds Avis, Sigmund Hansen, var kåsør. Elles deltok Eli Opsal, Gerd

Cecilie Gjerde, Andreas Rosså og Vigeik Apeland. Soknerådet hadde ansvaret for
borddekkinga og kveldsmaten.

Soknerådet vil retta ei stor takk til alle lag, foreningar og enkeltpersonar som stiller opp i ymse
samanhengar.

Takk også til 17-mai -komitéen for pynting i kyrkja på nasjonaldagen.

Til sist ei stor takk til sokneprest, kyrkjetenar/ klokkar og organist for godt samarbeid.

For Vikedal sokneråd

Herdis Pedersen

Andreas Andreassen